

Fra: Lars Olav Augestad <lar-au@online.no>
Sendt: 30. juni 2014 15:42
Til: Hansen Erlend Støle
Emne: Tilleggsopplysningar Lyseelva Kraftverk

Til NVE.

Lyseelva Kraftverk.

Viktig tilleggsopplysning til e-post frå meg tidlegare i dag.

LYSEELVA ER ALLEREDE REGULERT AV KVAM KRAFTVERK.

Finnhellarvatnet er utløpsvatnet for Lyseelva. Dette vatnet er regulert med demning mot utløpet av Lyseelva. Det er bygt overføringstunell Krokavatn.

Fleire bekker som før regulering rann ned i Lyseelva er overførte til Finnhellarvatnet og vidare til Krokavatn og Kvam Kraftverk.

Finnhellarvatnet er uttaksmagasin for Tørvikbygd vasslag.

Kvam Kraftverk er pålagt ei minstevassføring til Lyseelva, men av erfaring ser me at vassføringa forbi Grindssaga er sterkt redusert.

Ein ytterlegare reduksjon av vassføringa gjennom heile året, fører til gjengroing i og langs fossen, og endring av vegetasjonen langs elvekanten. Tidlegare var det store og vakre Bergfruer (saxifraga cotyledon) langs fossen. No er det knapt nokon slike planter å sjå. Blomane er avhengige av den fine dusjen frå fossen.

Tidlegare rann vatnet i flaumperiodar i to fosseløp, eit mindra løp ved sida av hovedfossen. Dette skjer mest ikkje lenger.

Den verdifulle kvaliteten av kulturopplevinga og rekreasjonsverdien ved Grindsfossen, tåler ikkje fleire inngrep.

Mvh

Lars Olav Augestad